



Statens vegvesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4158 - 15/20591

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
29.05.2015

Høring - Justeringar i Nordhordlandspakken

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Statens vegvesen

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
036/15	Kommunestyret	PS	21.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/4158

Høyring – justeringar i Nordhordlandspakken

Vedlegg:

Høyring - Justeringar i Nordhordlandspakken
Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – høyring etter fylkeskommunal handsaming
Nordhordlandspakken – søknad om løyve til delvis bompengefinansiering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.

Kommunestyret - 036/15

KO - behandling:

May-Eva Sandvik var ugild i denne saka og deltok ikkje under handsaminga. Jan-Erik Hope vart vald som saksordførar for saka. Det vart innført taletid på 3 min.

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Lindås kommune avvisar saka då dette skulle vore oppe som sak - Nordhordlandspakke - nytt framlegg, og ikkje som høyringssak.

Framlegget fekk 7 røyster og fall (alle Frp, I.Hindenes-Uavh. og S.Hauge-Ap).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 7 røyster (alle Frp, I.Hindenes-Uavh. og S.Hauge-Ap)

KO - vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.

Saksopplysningar:

Lindås kommune har handsama bompengesøknad for Nordhordlandspakken i fleire omgonger det siste året. I sak 69/14 (sjå vedlegg) blei søknad om delvis

bompengefinansiering vedtatt i kommunestyret, med mange forslag til endringar frå opphavleg bompengesøknad. Endeleg søknad om bompengefinansiering blei handsama i Fylkestinget 10.12.14, men på grunn av fleire endringar blei det vedtatt å sende søknaden ut på ein ny høyringsrunde i kommunane i Nordhordland. Fylkestinget sitt vedtak om Nordhordlandspakken blei sendt på høyring i januar/februar 2015, Lindås kommune handsama dette i kommunestyret 08.01.15 (Sak 04/15). I Meland kommune støtta ikkje kommunestyret Fylkestinget sitt vedtak.

I etterkant av vedtaket i Meland kommune, er det jobba med ulike alternativ for vegen vidare. På styremøte i Nordhordlandspakken AS 5. mars 2015 kom det eit sterkt ønskje frå alle ordførarane om å gå vidare med ein bompengepakke der alle kommunar er med, inkludert Meland. Det blei utarbeidd ei skisse til justert pakke med mindre justeringar. Basert på denne skissa vedtok Meland kommunestyre i mars 2015 å ta opp igjen Nordhordlandspakken til ny handsaming. Statens vegvesen har tilrådd justeringane som er kome og har no sendt dette ut på høyring til alle kommunar i Nordhordland.

Forslag til justeringar i høve til Fylkestinget sitt framlegg, er følgjande:

- Auke i investeringsramma med kr 200 mill basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
- Fordeling av dei nye investeringsmidlane med kr 115 mill til Lindås og kr 85 mill til Meland
- Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand – Vikebø opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.
- Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt FV 564 Sandskaret – Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.

Alle andre føresetnadar for pakken er uendra. Detaljar om fordeling av midlane til prosjekt vert avklart gjennom Kontaktutvalet (ref. punkt 6 i Fylkestinget sitt vedtak)

Etter at kommunane har uttalt seg om framlegg til justeringar, blir justert bompengesøknad sendt til fylkeskommunal handsaming med endeleg handsaming i fylkestinget i juni 2015.

Vurdering:

I sak 04/15 støtta kommunestyret i Lindås Fylkestinget sitt vedtak av 10.12.14. Dei justeringane som no er lagt inn i bompengepakken, vil bidra til ei auka investeringsramme for prosjekta i Lindås kommune. Framlegget til justeringar støttar opp om tidligare vedtak knytt til bompengesøknad i Lindås kommune, rådmannen rår derfor til at Lindås kommune sluttar seg til dei skisserte justeringane i Nordhordlandspakken.